Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: "Dei kloke"

Oppskr. av: Torfinn Veske

(adresse): Levanger

Fylke: Nord-Tröndelag

Herad: Skogn

Bygdelag: Nesset

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Amund – Yndber.

Yndber (Ingeborg) levde i slutten av 1800 åra, döde straks etter hundradårsskiftet. Nöyaktige tall kan ein sikert finne om ein vil.

Amund var först husmann i Håa, nr 8-1. Seinare kom han til Litlj-Gjemle 4-1. Hadde plassen Sandan. Amund Sandan. Den gamle husstuffta vart utgrivi av idrettslaget „Nessiguttem" da dei planerte ut sin grusbane.

Amund var det ikkje större tak i, han var heller ein låtstaur.

15484

Men han hadde ei dugande kone. Yndber var på farten seint og tidleg. Rett som det var strauk ho til fjells. Ho samla planter og røtter, urter som ho tørka og seinare brukte som medisin. Ho var godt kjent i skognafjellet. Ho visste alltid kor ho skulle finne moltå.

Ho har fått det ettermæle at ho var morsk både med folk og krøtter

(Marius Jensen, f. før 1880)

Astri Moe, f. i 90 åra, fortel at ho minnes at dei heime på Kjønstad, 7-1, hadde ei ku som vart dårleg i eine foten. Kua vart ståande i kleiva. Dei sende bod på Amund-Yndber. Ho smurde salve på foten og las over, og bra vart kua.

Overlækjaren på Levanger, dr. Capellen hadde vel litt til overs for kvakksalvarar. Men det heiter at da tvillingane hans var plaga med eksem, måtte sjølv han gå til A-Y på Sandan

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ho hadde noko anna i vatnet visste han ikkje. Han var så liten. Då vart han vaska med dette vatnet. Kanskje fekk dei med noko for vask heime, ot hugsar han ikkje. Men frisk vart han.

Amund Yndber hadde ei datter som heitte Ane. Ho var döustum. Var sydame og for rundt på gardane og sydde. — Ho hadde også ein son som heitte Arne.

Det er truleg ein enno kunne finne meir tradisjon om Amund-Yndber om ein ga seg tid å leite.

25/6 1940

Torfinn Veske

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15484

Emne nr 76 Dei kloke

Fridtjof Krogstad, f. 1898, voks opp på den andre Sand=plassen. Han hugsa Gjudken og at mor hans hadde fortald mykje om henne, men det var no borte for han. Mars Eie på Håa hadde ein dag komi med ein halt hest. Fridtjof visste ikkje kva ho hadde gjort med hesten. Men ho hadde sagt: „Du kan kjøre heim og sett hesten på stallen så blir den nok bra." Og det vart den.

Sverre Bamberg fortel: Marie Slåttsve var plaga med utslett på ansiktet og kroppen. Eksem. Marie søkte råd hos Gjudken. Ho fekk ei kuskjel med noko tjøresmurning. Ho vart bra.

Ivar Alstad, f. 1891, kan hugse at a-Gj hadde gjort han frisk da han i 4-5-års alderen var plaga med engelsk syke. Gjudken hadde varma ein strykejarnbolt. Så hadde ho bolten opp i vatn. Varma opp vatnet med den. Om